
Fra: birger@tenden.net
Sendt: tirsdag 12. desember 2017 15.29
Til: Postmottak Radøy
Emne: Brøyting ved Bø Skule
Vedlegg: 2017-12-11 07.37.56.jpg

Hei,

Ser diverre at dei som brøyter ved Bø Skule igjen har fylt innkjøringa vår med hardpakka snø og is i løpet av natta.

Det kom masse snø i går og vi kom heim frå reise med mykje snø og lite brøyting på kommunevegen og skulen.

Vi hadde derfor stor forståing for at dette kunne bli ekstra arbeid etter at vi sjølve hadde brøyta. Etter at kommunevegen var brøyta fjerna vi derfor igjen all snø i vår innkjøring.

I dag tidleg, då eg skulle på arbeid, var det imidlertid igjen komt over 1 meter snø og is i innkjøringa. Då hadde dei som brøyta lage god plass for dei som skulle til skulen, men diverre myke av dette samla i vår innkjøring.

Dette mener vi er heilt uakseptabelt!

Vi har tidligare teke dette opp med kommuna og etter anmodning derifrå teke dette opp med brøytemannskapet.

Vi har diverre fått den tilbakemeldinga at dette er slik det er avtalt med Radøy kommune.

Eg kan ikkje sjå at dette kan være tilfelle. Dersom vegen er rydda og ordna kan ein ikkje legge frå seg slik snø og is på annen sin eigedom og i hvert fall ikkje i ei innkjøring som allereie er brøyta.

Vi avventar svar!

Med venleg helsing

Birger Tenden
Nordbøvegen 4
Bøvågen